

Forskrift om endring av forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med plantelivsfreding, Suldal kommune, Rogaland.

Fastsett ved kongeleg resolusjon 25. juni 2010 med heimel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 sjå § 36, § 38 og § 62. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I forskrift 26. september 1997 nr. 1045 om vern av Dyraheio landskapsvernområde med plantelivsfreding, Suldal kommune, Rogaland skal følgjande endringar gjerast:

Forskriften sin tittel skal lyde:

Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern, Suldal kommune, Rogaland.

Punkt II andre ledd og første setning tredje ledd skal lyde:

Landskapsvernområdet dekker eit areal på omlag 304 km².

Grensene for landskapsvernområdet går fram av kart i målestokk 1:100000, datert Miljøverndepartementet juni 2010.

Punkt IV nr. 1.2 nytt punkt c skal lyde:

c. Vedlikehald av eksisterande anleggsveg knytt til kraftproduksjon.

Punkt IV nr. 1.3 nytt punkt g skal lyde:

g. Endring, ombygging eller utviding av eksisterande anleggsveg knytt til kraftproduksjon.

Punkt IV nr. 1.3 nytt punkt h skal lyde:

h. Naudsynte erosjonssikringstiltak i strandsona langs Sandvatnet.

Punkt IV nr. 3.2 nytt punkt d skal lyde:

d) Motorferdsle for uttransport av sjuke/skadde dyr i medhald av lov om dyrevelferd. Kjørety som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyringa.

Punkt VII skal lyde:

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

II

Desse reglane trer i kraft straks.